



Prosjektleiar Kristian Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I kveld, måndag, er det eit viktig møte i Dialogforumet i Gamleskulen.  
- Mellom anna skal det drøftast omorganisering og førebuing av sak om organiseringa til årsmøtet i Uskedalen Utvikling 25. februar, seier prosjektleiar Kristian Bringedal**

Uskedalen som framtidig besøksmål for Folgefonna Nasjonalpark er eit viktig tema som og kan få mykje å seia for bygda si framtid.

Bringedal vil leggja fram ein modell for organiseringa av prosjektet innanfor Uskedalen Utvikling. Før årsskiftet vart det sendt eit innspel om saka til fylket og det er dette som no må følgjast opp.

Men det stoppar ikkje der. Magne Huglen kjem med visse tankar om ein eventuell festival nummer to i Uskedalen, med eit anna innhald enn Festidalen.

Sommerbygda Uskedalen 2009 skal også drøftast.

Det gjeld å samordna arrangement og få til ei så effektiv og fristande marknadsføring som mogeleg.

Alle som planlegg større arrangement må difor møta fram!

Framfor alt bør ein finna svar på dette spørsmålet: Kva kan gjerast betre og meir effektivt enn i tidlegare somrar slik at det kjem enda fleire til bygda?

Bringedal oppmodar særleg folkevalde frå Uskedalen, både faste medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret og politiske utval, om å møta fram i kveld.

Av Ola Matti Mathisen